

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

OKTOBER 1990


44. ÅRG



Misjonsprest Rolf Olsen (som no er studentprest i Oslo) døyper v/ studentsenteret i Taichung der NMS har arbeid.

Foto: Reidun Laastad Dyvik.

Når eg ser din himmel,  
eit verk av dine fingrar,  
månen og stjernene  
som du har sett der,  
kva er då eit menneske,  
sidan du kjem det i hug,  
eit menneskebarn,  
sidan du tek deg av det?



## Gud kommer deg i hu!

I den 8.salme er det en tigg som David forundrer seg over. Når han ser den store Gud og Skaper i skapelsesverket er det med undren - at den store Gud kommer et menneske i hu og ser til ham. David føler for sin egen del sin ringhet overfor den store Gud. Slik er det alltid, når en synder står overfor den allmektige og store Gud. Aldri ser vi Guds storhet større, enn når vi får se ham i dette lys - at han kommer oss i hu og ser til oss.

Det var dette som skjedde da slekten falt i synd og Gud kom den i hu og så til den, idet han sendte Jesus som frelser til vår jord. Hele Jesu liv og gjerning åpenbarer oss hvordan Gud i sin nåde kom alle i hu og så til oss alle. Sterkest åpenbarer dette seg når vi stiller oss ved Jesu Kristi kors. Ingen er glemt. Tross slektens dype fall var den elsket av Gud. Gud kom oss i hu og så til oss alle for å bringe oss evig frelse.

Men Gud kommer fremdeles det enkelte menneske i hu og ser til det. Han går etter det tapte. Han kaller på den enkelte. Han søker den enkeltes redning.

Du som ikke hørerham til, hvor ofte har du ikke merket hvordan Gud kommer deg i hu og ser til deg. Overgi deg til ham. Gi ham anledning til å frelse deg. Gud vil ditt vel for tid og for evighet. Kast deg i hans åpne favn og inn til hans elskende hjerte.

For en trøst for enhver kristen, at Gud kommer oss i hu og ser til oss. Han glemmer oss aldri. Han kommer oss i møte med sin hjelp, kraft og nåde. Han ser alltid til sine. Han er alltid hos sine. La det være vår trøst og frimodighet. La det bringe oss nærmere ham.

Frå "DEN EVIGE TRØST"  
av Wiggo Waaler.

## I Guds plan

Efesarane 2,10.

"For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige, så vi skulle ferdast i dei."

For en tid siden møtte jeg en misjonærfamilie. De var hjemme på to års Norges-opphold. Familien bestod av mor, far og tre små barn. Barna var ikke eldre enn at de hadde levd det meste av sitt liv ute i det landet der mor og far var misjonærer. Derfor var ikke Norge blitt deres hjemland. Hjemlandet - det var der ute. Der hadde de sine beste venner.

Norgesoppholdet hadde altså sine mørke sider for denne familien. "Barna gråter av og til," fortalte moren. "De savner hjemlandet sitt og vennene sine der ute."

Sorg og savn var altså en del av misjonærbarnas hverdag.

Dette gjorde sterkt inntrykk på meg, og jeg ble sittende igjen med et vanskelig spørsmål etter møtet med denne familien: Var misjonærtjenesten - tjenesten for evangeliet - virkelig verdt alt dette? Var ikke prisen for høy? Det kostet å være misjonær.

Hva var det som gjorde at de klarte å fortsette i tjenesten? Det snakket vi ikke om. Men jeg forstod det likevel etter å ha tenkt på det en stund: De fikk lov til å tro at Gud hadde kalt dem til dette. De var i Guds plan.

Vikarprest Svein H. Sæbø

## Til søndagsskule- arbeidarane i Vaksdal

KJÆRE MEDARBEIDARAR!

I høve "Søndagsskulens dag" 2.sept. fekk eg hug til å senda dykk ei helsing, då eg ikkje har høve til å vera med sjølv lenger.

Det arbeidet de driv, å forkynna for born, er noko av det største de kan vera med på. Det er avgjerande viktig å så den gode säd, so den slår rot før fienden kjem og sår sin svimling. Og som Peter skriv i sitt andre brev - at borni kan verta "grunnfeste i sanningi". I vår gudause tid der dei unge er på leit-ing etter dei sanne verdiar, er det viktig at dei får den trygge forankring som Guds ord gjev.

De oppfyller også Jesu ordre når han seier til Peter: "Fød mine lam." Då Peter var oppe til eksamen, minte Jesus han om kor viktig dette var.

Til slutt vil eg helsa dykk med eit vers av Anna Jonassen:

Tenk om vi engang  
Under englesang  
For Guds trone føres frem  
Med en liten bror  
Som på Jesus tror  
En som vi fikk hjelpe hjem!  
(Barnesangboka nr. 329)

Hjarteleg helsing Jakob Neset



Send barna til  
søndagsskolen



## Praktisk hjelp til småbarnsforeldre

### "Tripp-trapp" støtter den kristne oppdragelsen

Det startet som en optimistisk idé for snart syv år siden. En idé som vokste ut fra spørsmålet om hva som kunne gjøres for å hjelpe foreldre å oppdra barna i den kristne tro. En ting er å stå ved døpefonten å love å gjøre sitt beste, men hvor henter man hjelp og støtte fra til denne viktige oppgaven?

En hjelpende hånd Hjemmenes Dåpsring (HD) har gjennom sitt "tripp-trapp"-opplegg rakt en hjelpende hånd til småbarnsforeldre. Pakker med konkret, aktiviserende og spennende materiell til barna og grei, livsnær veiledning til bruken av det gir foreldrene en god, praktisk og sammenhengende støtte til kristen oppdragelse i hjemmet.

#### Vil gi trygghet

- Vi vil være med å gi foreldre trygghet i foreldreoppgaven, sier daglig leder Fred Riktor. Sammen med de åtte øvrige i staben holder han til i en ny, hvit bygning i Ås utenfor Oslo. Fram til desember var man spredt på forskjellige steder i leide lokaler. Ved å bygge selv, har HD spart 100 000 kroner i husleie bare det første året. I november fullførte HD-forlaget "tripp-trapp"-opplegget for aldersgruppen 0-6 år. Samtlige pakker for de seks første leveår er dermed nå i salg, og barna kan meldes på uansett hvor de befinner seg i denne aldersgruppen.

#### Viktig supplement

Hovedmålgruppen er de som



"Tripp-trapp" er en enestående gavemulighet for faddere, foreldre, beste-foreldre og andre som står barnet nær. Fra venstre: Tove Lie, Oddvar Schau, Ellen Worren, Fred Riktor og Brit Maria Austad, noen i staben på Hjemmenes Dåpsring. (Foto: Susanne Ward).

gjørne vil gi barna en kristen oppdragelse, men ikke riktig vet hvordan, slår Riktor fast. Han legger vekt på at dåpsopplæringen skal begynne fra det tidspunktet barnet er født, og han understreker at ingen av kirkenes øvrige aktiviteter retter seg spesielt mot barn under 4 år. Dermed blir "tripp-trapp" er et viktig supplement til kirkenes dåpsopplæring.

#### Rikere oppvekstvilkår

I hver pakke ligger en foreldreveiledning som forteller litt om den utviklingsfasen barnet er inne i, behandler spesielle tema, f.eks trygghet, nærhet og atskillelse.

#### Guds verden

De i alt 18 pakkene i "tripp-trapp"-serien er nøye tilpasset barnets alder og utvikling. Kassetter, den populære og sjarmerende tøydukken Fidus, tegnesaker, musikkinstrumenter, bøker, blomster- og grønnsaksfrø og vannkanne er noe av det som fins i pakkene. - Vårt materiell skal bære bud om at hele verden er Guds verden, og at hele menneskelivet angår Gud. - Vi prøver å formidle mange forskjellige sider ved Gud gjennom vårt materiell, for eksempel Gud som skaper, frelser, opprettholder - Gud som er nær, understreker Fred Riktor.

### JA! Jeg vil vite mer om tripp-trapp!

Send meg mer informasjon om tilbudene fra Hjemmenes Dåpsring

Navn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Postnr./-sted: \_\_\_\_\_ Tlf.: \_\_\_\_\_

Klipp ut kupongen og send den til:  
Hjemmenes Dåpsring, Postboks 173, 1430 Ås Tlf. 09 - 94 37 60



## BARNESIDE



Vi synes det er godt å ha nokon å snakka med. Enten vi er glade eller vi er lei oss, er det godt å få seia det til nokon.

Vi kan snakka med Jesus og! Det kallar vi å be. Han har alltid tid til å høyra på oss. Vi får snakka med Jesus kor tid vi vil. Jesus ser oss, han veit om oss og vil så gjerne hjelpa oss. Du og eg kan fortelja alt til Jesus. Det som er tjekt og det som er leit og vanskeleg. Er det ikkje fint at vi får be til Jesus? Jesus ønskjer å snakka med oss og! Når vi høyrrer frå Bibelen, lyttar vi til det Jesus vil seia til oss.



Elin F.

J dag tar vi med ei lita rebusoppgåve. Sjå på oppgåva og du finn svaret på spørsmålet, Kven kan be til Jesus?

Svar:



Reidun Skurtveit

## HELSING TIL KYRKJELYDANE I VAKSDAL FRÅ TAIWAN, REP. of CHINA

Eg er nett komen heim frå haustens fyrste misjonårsamling her på Taiwan. Nokre i flokken hadde vore på Norgesoppbald, ferie eller heimeteneste og vart ynskt velkomen attende til øya til ny innsats.

To misjonærar har nyleg sett sine føter på Taiwan etter mange år i Norge - ekteparet Gudrun, frå Jæren, og Einar Braadland, frå Søgne. Fyrste gongen dei kom ut, hadde dei to små tvillingjenter med. Dei er no vaksne og i ferd med å fullføra utdanninga si. Sonen deira er for tida i militæret. Det var interessant å høyra Gudrun fortelja om fyrste tida deira her. Korleis det var å starta 2 års språkstudium i Taipei med to småborn i ei lita leilighet og utan andre nordmenn i nærleiken. Me kan gjerne ikkje heilt forestilla oss det, me som kjem ut i dag til ein norsk "koloni". Men studiet vart fullført av både sjukepleiaren og presten. Me er svært takksame for at Gudrun og Einar er tilbake på Taiwan - denne gongen for ein 2 års periode. Sist dei stod i tenesta her vart det arbeid mellom hakkafolket (eit fjellfolk) særleg som var deira oppgåve. Og me veit at arbeidet deira har bore frukt.

Jorun Brit Ommundsen opna samlinga vår. Ho minna oss om den enkelte si oppgåve i den store samanhengen. Har det verkeleg noko betydning det vesle eg gjer for Jesus. Eit dikt av Flora Larsson var med på å understreka kor viktig di og mi gjerning for Herren er, kvar me enn måtte vera.

Tore Barkve kom i si andakt inn på det nye Livet i Kristus og vårt hovedmål - at bodskapen må få nå ut til alle folkeslag. Aldri er vel gleda vår større og djupare enn når me får

vera med å føra andre til Livet. Joh. openb. 7, 9-10.

Me fekk ei gripande, fersk og heilt konkret hending å gle oss over. Jorunn Øvsti som arbeider heilt syd på Taiwan ved eit stort kristent sjukehus i Pingtung, bar dette fram. "Åndemånaden" vert denne månaden kalla (midten av aug. til midten av sept.) Folk er redde, og ofrar til åndene. Bord med mat og drikke vert sett utanfor husa.

Ein mann ligg alvorleg sjuk og bed kona ta han med til eit stort tempel i Kaohsiung, næraste storby. Kona hadde tatt imot Jesus, mannen ikkje. Korleis kunne ho då klara å fylgja med han til eit tempel for andre gudar?

Mannen hevda at ho slett ikkje kunne vera glad i han dersom ho ikkje gjorde som han bad om. Difor vart det til at ho reiste med han. Ved inngangen til tempelet der ei stor folkemengde var samla, bad kona til Jesus i si naud. Ikkje lenge etter gjekk det ut ei melding i høgtalarane: Her var eit menneske i mengda som trudde på Jesus, kunne munken fortelja. Han kunne difor ikkje be i dag, alle vart sende heim. Jamen det er jo meg, det er jo meg her som trur på Jesus, jubla det i henne då ho hørde kva som vart opplyst i høgtalaren. Bønnesvaret kom der og då og resulterte i at mannen hennar også vart ført til Jesus. Kona fortalde at dette gjorde så stort inntrykk på mannen at han bad om å få vera med til kyrkja så han og kunne få møta Jesus, verta kjent med Han. For denne kristne kona vart dette eit mektig prov på at Jesu namn er det sterkaste i verda. Ei trusstyrkjande og sterk oppleving for dette ekteparet, for kyrkjelyden der i Pingtung - og for oss som får høyra det.

## AKSJONEN PÅ VAKSDAL



I "DAGEN" 12. sept. les vi om møteaksjonen som har vore i Vaksdal kyrkje i byrjinga av september. - Eg trur ikkje eg har vore med på noko liknande. Ved møta på Vaksdal tykkjest det som om alt folket høyrer på nærradio. - Dette fortel ein ivrig emissær, Johannes Blom, frå møta i Vaksdal kyrkje.

Aksjonen skulle vera i to veker, men det strøymde såpass mykje folk til, og langt fleire høyrde på bodskapen i radio, at dei fann ikkje å kunna slutta av. Det vart møte også den tredje veka, og sendingane skulle halda fram ialt fire veker.

Det har vore frå 80 - 150 på møta i Vaksdal kyrkje kvar kveld. Fleire har gjeve sitt liv over i Herrens hender, ikkje minst folk i vaksen og mog-en alder.

Johannes Blom og Magnus Solbakk har stått saman i møteverksemda. Dei har gjort evangeliet og bodskapen om Guds frelse klårt gjennom song og forkyning. Andre songkrefter frå distriktet har og vore med. Radio-studio var i bedehuset på Vaksdal, og der kom mange innom etter møta i kyrkja om kveldane.

Folk har kome frå alle stader i kommunen. Sume har vore på kvart einaste møte, og det hadde dei ikkje gjort om det ikkje var for at dei fekk noko verdfullt å ta med seg derifrå.

I dette folkehavet her i Asia med tusenvis av unåde menneske som lever i frykt, vert eg stundom minna om kor umåteleg stort det er å vita om eit land der langt mot nord, der evangeliet - det evige livsens ord - er vår fedrearv. Me kjenner Frelsaren og hans vitnesbyrd: "Eg er Veggen, Sanninga og Livet." Gledesbodskapen er gjeven til deg personleg. Ikkje berre noko som du fekk i arv og vil gøyma vidare på - men som ei gåva - til bruk i dag. Ikkje berre til fest og store høgtidsdagar.

SNACK OM DET er tittelen på den siste boka eg fekk frå Norge. Oppfordring til å snakka om trua vår. Ja, snakk om den - kor svak og vaklande den enn synes deg å vera. Kor tvilande du enn kjenner deg. Det motsette av tru er ikkje tvil, men vantru. Me som veit om Frelsaren - den sterkaste - skal sleppa å vera i vantrua sitt mørke. Me skal få vandra i hans ljøs.

For meg var denne salmen med på å opna hjarta mitt for Jesus:

Du som veien er og livet,  
deg vi har vårt håndslag givet,  
deg det er på hvem vi tror.  
Mellom alle verdens røster  
bare din er den som trøster,  
led oss i ditt hyrdespor.

Hjelp oss på de trange stier,  
støtt oss i de bratte lier,  
sval oss under dagens brann!  
Vokt oss på de glatte stene,  
trøst oss, skal vi gå alene,  
du som alltid vil og kan!

Gi at vi deg følger efter,  
styrk de små, de svake krefter,  
bøy vår vilje, smelt vår tross!  
La ditt navn i hjertet brennes,  
så ved deg vi her må kjennes,  
og du hist må kjenne oss!

Helsing  
Reidun Laastad Dyvik  
TAICHUNG, SEPT 1990



## Norges SAMEMISJON

### Bergen krins

Årsmøte for Samemisjonen, Bergen krins, vart halde på leirstaden "Fagertun" i Eksingedalen 25.-27.mai.

"Fagertun" leirstad, med heilt nytt internat, kunne no ta imot årsmøtet for første gang.

Møtet tok til med samling kring kveldsbordet, der krinssekretær Olga Misje ynskte velkomen. Etterpå var det samling i møtesalen, der Odd Alvheim heldt andakt og ynskte velkomen til "Fagertun".

Mathias Lie, saman med to av døtrene, gledde oss med fin sang.

Årsmøtedagen, laurdag, held generalsekretær Magne Gamlemshaug bibeltime. emnet var "I HERRENS HAND". Han tok fram mange bibelvers der det er fortalt om Herrens hand - ei sterk hand, men også handa som tyngjer, lækjer og frelser.

Formannen, Arvid Nilsen, leia forhandlingsmøtet. Årsmelding og rekneskap for krinsen og ungdomsrådet vart godkjent utan merknader. Økonomien i krinsen viste ein nedgang siste året, men kasseraren Lars Røykenes kunne opplysa om ein fin stigning for 1. tertial 1990.

#### Desse kom med i det nye styret:

Mikal Snekkevik  
Gerhard Misje  
Ingebjørg Kråkevik  
Kari Alvheim  
Reidun Skartveit  
Lovise Rong

#### Styret i Ungdomsrådet:

Marit Mjelde  
Helge Gullbrå  
Torstein Gullbrå  
Frode Raymond Vik  
John Alvheim

Festmøtet laurdag kveld vart leia av Sverre Vågen. Gamlemshaug tala, og ei gruppe ungdomar frå Vaksdal og Eksingedalen gledde oss med sang. Høgdepunktet på kvelden var likevel innsetjinga av den nye arbeidaren, Mathias Lie frå Fjell. Gamlemshaug las fr<sup>o</sup> 2. Tim, 2,1 "Så ver då sterk, son min, ved nåden i Kristus Jesus." Mathias Lie fekk ordet til slutt.

Ein lang, strevsam og gild dag var nå til ende. Men likevel vanta det ikkje på kaffi og kaker, sang og musikk og vitnemål frå dei unge utover kvelden.

Sundag var det gudsteneste i desse kyrkjene: Flatekval, Modelen, Evanger, Nesheim og Eidslandet, samt møte i Stamnes bedehus. Alle desse stadene var det utsendingar frå Samemisjonen som deltok i gudstenestene.

Etter avslutninga ved middagsbordet der det var helsingar og takk for mat og godt opphald, kunne deltakarane reisa heim kvar til sitt i det fine veret.

G. Misje

#### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 50,-  
Postgiro: 0804 5723473  
Bankgiro: 3500.50.13117

Bladstyrar: Reidun Takvam  
Boks 116  
5280 Dalekvam  
tlf. 596133

Kasserar: Asle Georg Karlsen  
Boge, 5270 Vaksdal  
tlf. 597232

Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese  
tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S  
5610 Øystese



Minneord

Bonde KRISTIAN BRAKESTAD, Eksingedalen, er borte, 81 år gammel. Han var født og oppvokst i Eksingedalen, der han tilbrakte hele sitt liv. Naturen der og omgivelsene rundt var i harmoni med Kristian selv.

Vi i St. Markus Kr. Ungdomsforening kom først i kontakt med Kristian i 1956. Fra og med dette året fikk byungdom fra vår menighet lov til å komme til hans hus, påske etter påske. Selv flyttet han inn på et lite rom for å gi plass til 30-40 ungdommer. Dette sier bare litt om hans gjestfrihet og tålmodighet. Etter 32 påsker i hans hus kunne vi i 1989 flytte inn i nytt leirsted som ikke hadde vært mulig uten Kristians innsats, både fysisk og økonomisk.

I alle år har han fungert som en bestefar for oss alle og vi har følt han omsorg slik. Han hadde alltid tid og hadde alltid en god historie på lur. Hans klippefaste tro på Gud lyste av han, og han la aldri skjul på at det var drivkraften bak hans arbeid for kristenungdommen. For dette arbeidet har han mottatt flere æresbevisninger. Herunder Kongens fortjenstmedalje i sølv, æresmedlemskap i St. Markus Kr. Ungdomsforening og flere kan nevnes.

Vi vet at Kristian er borte, men vi vet hvor han er. Likevel blir tomrommet etter han stort både for oss, hans slektninger og hans venner og naboer i Eksingedalen, men bildet av Kristian vil alltid være hos oss. Vi takker for tiden vi fikk med ham og for alt han gjorde for oss.

Fred over hans minne.

ALLE UNGDOMMENE I ST. MARKUS  
KR. UNGDOMSFORENING

## UNGDOMSTIDEN

Ungdomstiden er så fager, full av glede, latter, smil, men i disse lyse dager mang en ungdom går seg vill.

Ja, på denne glade ferden solen skinner lys og klar. Allting er i denne verden som et fagert blomsterhav.

Men da må vi Jesus eie i våre hjerter, sjel og sinn. Når vi vandrer på hans veie, da er alltid Jesus min.

For han vil oss vel bevare gjennom verdens støy og larm, så vi skal i alle dager bæres ved hans hjertebarm.

Så til slutt vi skal få kjenne bare salighet og fred når vi er i himlen hjemme mettes kun av kjærlighet.

JOHN STØLE

(Mangeårig misjonsarbeidar på Eidsland)

## Vaksdal prestegjeld

Sokneprest  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res.kap.  
Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88  
Mobil tlf.: 090 - 02992

Hugs, måndag er presten  
sin fridag!

## AKSJONSVEKE I BERGSDALEN

9.-14.OKTOBER

I år er det Leiv Nesheim og Jan Arve Birkeland som kjem til aksjonsveka i Bergsdalen. Det vert talar og song. Møta byrjar kl.20.00, bortsett frå fredag 12.okt. Då er det kl.19.30. Då vert det ekstra mykje song og musikk. Ingunn og Alv Magnus Tysse vert med den dagen. Søndag vert det avslutning med gudsteneste v/Leiv Nesheim og res. kap. Norum. Offer til Nordhordland Indremisjon.

HJARTELEG VELKOMEN!

## MØTEAKSJON I STAMNES KYRKJE

16.-19.OKTOBER

Leiv Nesheim skal og ha møteaksjon i Stamnes. Møta vert i kyrkja og er i samarbeid med soknerådet. Det vert tale og song v/Leiv Nesheim. Møta byrjar kl. 19.30.

HJARTELEG VELKOMEN TIL MØTA!

## MØTE I STAMNES BEDEHUS

Det er møte i Bedehuset annankvar onsdag, og dei byrjar kl.19.30. Onsdag 3.oktober er det møte, og elles dei vekene som har partal, 42, 44 osv.

## DEN NORSKE MUHAMMEDANERMISJON

GRØSVIK - Laurdag 3.november vert det møte v/John Sellevold

STAMNES BEDEHUS - Søndag 4.november møte v/John Sellevold

Klokkeslett for møta vert kunngjort seinare. VEL MØTT!

## START AV BARNE- OG YNGRES-LAG

No er Barne- og Yngres-laga starta opp att, fortel Reidun Skurtveit. Det er møte annan kvar veke. Her er oversikt over fyrste møtedag, så kan ein rekna etter kva tid dei neste møta blir. Sjå og på plakatar.

### VAKSDAL BEDEHUS

BARNELAG

TORS DAG 27.sept.kl.16.30 (Merk ny dag.)

YNGRES

TYSDAG 9.okt.kl.18.00

### STANGHELLE BEDEHUS

BARNELAG

ONSDAG 19.sept.kl.16.30

### DALE FORSAMLINGSHUS

BARNELAG

ONSDAG 26.sept.kl.16.30

YNGRES

Onsdag 26.sept.kl.18.00

V E L K O M E N !

## BASAR I STANGHELLE BEDEHUS

LAURDAG 6.oktober vert det Bedehusbasar kl.16.00 og utover kvelden med loddsal, tombola, andakt, kaffe og kaker. HJARTELEG VELKOMEN!

## Nokon å snakka med

Prestane har teieplikt. Dersom du treng nokon å snakka med, står vi til disposisjon. Vi veit at mange går og slit med vanskelege ting. Ta kontakt dersom du trur at vi kan hjelpe deg!

Prestane i Vaksdal

## SLEKTERS GANG

### Døypte



#### DALE

16.09 Mikael Nordby Boge  
16.09 Joni Sellevold Soltvedt

#### EKSINGEDALEN

09.09 Laila Nesheim




### Vigde



#### DALE

25.08 Erling Nygård og  
Kristin Kvamme



### Avlidne



#### DALE

21.08 Johan Rørvik f.1920  
30.08 Klara Konstanse Blomdal f.1917  
30.08 Henrik Balestrand f.1921  
31.08 Magnus N.Helle f.1907  
10.09 Willy Strømme f.1926

#### VAKSDAL

18.08 Olaf Meringen f.1906

## Festing og freding av graver

Mange er usikre på kva reglar som gjeld ved festing og freding av graver i kommunen vår. Mangel på gode rutinar når det gjeld registrering og innkrevjing av festeavgift tidlegare må ta noko av skulda for dette.


Kyrkjeleg Fellesråd i Vaksdal har vedtatt FØRESEGNAR FOR KYRKJEGARDANE I VAKSDAL OG REGLAR FOR FESTING OG FREDING AV GRAVER. Dette kan ein få ved å venda seg til prestekontora.

Det er oppnemnd lokale kyrkjeverjer som tilviser graver og har oversikt over kva for graver som er festa.

Vanleg fredingstid for ei grav er 30 år. Dersom dei pårørande ynskjer å verna grava ut over fredningstida, kan dette skje ved å festa grava. Ei grav kan festast for 20 år mot ei avgift som for tida er 50 kr.

Når fredningstida/festetida er gått ut, skal kyrkjeverja senda melding til heradskasserar. Det vert då sendt ut melding om at festeavgift må betalast, dersom ein ynskjer å forlengja festetida. Dersom dette ikkje blir gjort, har fellesrådet høve til å sletta grava. Dei pårørande skal varslast i god tid føre-åt om dette.

Dei som ynskjer meir opplysningar, kan venda seg til den lokale kyrkjeverja. Dei er:  
På Vaksdal: Nils O. Farestveit. 597117  
På Dale: Nils Fortun. 596292  
I Bergsdalen: Per Hatlestad. 598961  
På Stamnes: Trygve Kallestad. 598078  
På Eidsland: Nils Myster. 595663  
I Eksingedalen: Gunnvor Tyssen. 595841  
På Nesheim: Gunnar Nesheim. 595936



## VELKOMEN TIL KYRKJE



7.oktober - 18.søndag etter pinse

DALE kl.11. Meidell.Nattverd.Dåp.  
Offer til Den Norske Menighets-  
høgskole.

VAKSDAL kl.18.Norum.Konfirmant-  
presentasjon.Offer til soknerådet.

NESHEIM kl.16. Salmekveld.

14.oktober - 19.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.Norum og Nesheim.  
Konfirmantpresentasjon.Offer til  
Nordhordland Indremisjon.

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.  
Offer til Folkebevegelsen for  
Livsrett og Menneskeverd.

STAMNES kl.17.Norum-Nattverd.Offer  
til Bjørgvin Bispedømmeråd/Bjørgvin  
Stiftssenter.

21.oktober - 20.søndag etter pinse

DALE kl.11. Familiegudst.Meidell.  
Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" og  
"Vener i kyrkja".Offer til TV-aks-  
jonen "Redd Barna".

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd.  
50 års konfirmantar.

28.oktober - Bots- og bededag

EIDSLAND kl.11.Meidell.Nattverd.  
Konfirmantpresentasjon.Offer til  
Det Norske Bibelselskap.

EKSINGEDALEN kl.11. Norum.Nattverd.  
Offer til TV-aksjonen "Redd Barna".


4.november - Helgemessesundag

VAKSDAL kl.10.30 Skriftemål.  
kl.11.Gudst.Norum.Nattverd.  
Offer til Menighetsfakultetet.

DALE kl.18. Allehelgensmesse.Norum.

## Vi noterer oss ..

No har res.kap.Kjell Arne Norum  
fått mobiltelefon ,og det vert  
lettare å få kontakt med han når  
han ikkje er heime.  
Mobiltelefonnr. er:090 02992



### STOFF TIL KYRKJEBLADET

SLÅ PÅ TRÅDEN  
ELLER SEND MEG NOKRE ORD  
OM DU HAR STOFF TIL BLADET.  
Neste nummer kjem ut i veke 45  
og frist for innlevering av stoff  
er 20.oktober.

Helsing Reidun Takvam